



Vil du bli aspirant, som desse? (Foto: Tor Edward Taranger)

Skulemusikken har hatt god rekruttering siste åra, og korpset er no i fin utvikling med mange flinke, unge musikarar. Førstkommande tirsdag vert nye vordande korpsmusikarar invitert til informasjonssamling for dei som vil byrja som aspirantar frå komande haust. Styret håpar sjølvstøtte på godt framme av komande musikkspil og foreldre

Møtet er på kjøkkenet på skulen tirsdag kl.17.30.

Der vil dei som møter få prøva ulike instrument.
 Dei får god rettleiing slik at alle vil garantert få lyd.
 I tillegg vert det informasjon om det å vera aspirant.
 Dette plar vera ei stund prega av ungt, friskt pågangsmot som utløyser gledeskenar etter kvart som dei får dei første tonane ut av instrumenta

Det vert og enkel servering av saft og kjeks samtidig som både born og foreldre kan kome med spørsmål.
 Etter stunda på kjøkkenet skal dei framme høyre litt på øvinga i skulemusikken.
 Då vil og den dyktige dirigenten i korpset, Tor Skeie Olsen, fortelje litt om kva det vil seia å vera medlem i eit skulekorps.

Aspirantane i skulemusikken er elevlar i kulturskulen.
 Det er Ingrid Leiråmo som er lærar for aspirantane i år.
 Dei som vil byrja som aspirant frå komande haust, må søkje plass i kulturskulen innan fristen som er 15.april.
 Styret i skulemusikken håpar mange vil vera med.
 God rekruttering er svært viktig for framtida til skulemusikken, og dei som byrjar , kan sikra seg ein flott hobby som dei kan ha glede av resten av livet.

Av Thor Inge Døssland